**Øystese sokneråd**
**5610 Øystese**
**Sakliste, Øystese Sokneråd**

**Stad:** Øystese bedehus
Dato: **tysdag** 07.01.2025
Tid: kl. 19.00-2100
Soknerådsmøta er opne.

| |
|---|
| **Dato**: 07.01.25 |
| **Til stades** : Roar Strømme, Anne Christin Myklebust, Anne Britt Berge, Kjell Arne Gjøn, Kjell Dysvik, Ruben Øystese, Therese Rykkje, Aina Vågen, Bård Magnus Lundestad |
| **Ref: Anne Christin Myklebust** |
| Ikkje til stades: Astrid, Hilde |

| **NR:** | **SAKER:** | **MERKNADER:** |
|---|---|---|
| 1. | Godkjenning av innkalling, referat, sakliste + ord for dagen | |
| INFO | Innkomen post, økonomi, mm | - Orientering om fellesrådet og budsjett/innsparingn og ekstraløyving frå heradet. Møte om budsjett i januar. Økonomien er anstrengd. |
| 1 | Evaluering av gudstenester mm | Julaftan var det sein gudsteneste. Mogleg at ein lyt framskunde til tidlegare på dag neste jul. Jo seinare gudstenesta er, jo større del er vaksne. Fin gudsteneste førre søndag. Me er glade for at Roar held fram! Det var litt for kaldt i kyrkja då dataanlegget som styrer varmen ikkje slo inn slik det skulle.<br><br>Flotte konserter før jul med godt oppmøte. |
| 2 | Kontinuering av styret for dette året | - Saka vart drøfta på møtet 3.12. |

| | | |
|---|---|---|
| | | - Astrid same rolle (ho er nestleiar i soknerådet). Me vedtek at me held fram med styret slik det er.<br>- Ruben og Kjell Arne er vara for **fellesrådet.** |
| 3 | Rekruttering til soknepreststillinga og kateketvikar | Orientering om status. Bispedømme har rekrutteringsstopp. Dei som er overtallige ved innskrenkingar har fortrinnsrett til ledige stillingar. Usikkert korleis dette fungerer i praksis.<br>Soknerådet ynskjer at me held litt trykk på korleis det går med prestestillinga via prosten. |
| 4 | Arbeid med årshjulet | - Drøfting og forarbeid på blant anna frivilligfest, konsertar, friluftsg, mm.<br><br>Årsmøte 09.mars. Ein lyt sjå på årsmeldinga og rekneskapen på februarmøte. Kasserar snakkar med revisor.<br><br>01.04. vert det soknerådsmøte. Her må ein avklara kva kaker dei ulike skal baka til konfirmasjonsfesten.<br><br>Fasteaksjonen: tysdag 08.april. (Anne Britt og Therese, evt andre).<br><br>Konfirmasjonsfesten er 10.april. Me møter klokka 1700. Samtalegudsteneste kl. 18. Fest kl. 19. Ålvik må kome med nokon som kan hjelpe til med arrangementet. (Gunlaug og Aina har regien, men alle stiller og bakar).<br><br>Gudstenestene med kykjekaffi vart skrivne ned av Kjell.<br><br>Friluftsgudsteneste i påska vert i parken. |

| | | |
|---|---|---|
| 5 | Kyrkjebygget og uteområdet, orientering om gåver, løyve til og med vedlikehaldsprosjekt | - Soknerådet er glade og nøgde med at ein no er i gang med å nytte gåvene. Vi vil gjerne haldast orienterte og involverte. Anne Britt Berge og Gunnlaug Sekkingstad er kontaktperson for soknerådet her.<br><br>Uteområdet kring kyrkja har fått ei gåve på 100 000. Me lufta nokre idear korleis ein kan nytte desse pengane: beplantning mot stranda, beskjæring av tre. Kva med å laga ei fontene v/dammen og setje ut nokre benker og lys der? Kanskje steintrappa treng ei oppgradering?<br><br>Kjekt om ein får til ei synleg oppgradering når ein får gåver.<br><br>Arbeidet med nytt teppe i kyrkja er på gang.<br><br>Me snakka om å moglegvis bruke Jærstolar og måla dei i kyrkja sine fargar dersom ein skal skifte ut noko her.<br><br>Rullestolrampe, kvar er dei oppbevarte? |
| 6 | Kvalitetssikring av oppgåver neste månad | Kyrkjevertar<br>19.01. : Ruben og Kjell Arne<br>02.02. : Anne Christin og Hilde (kyrkjekaffi). |
| | Eventuelt | |
| | | Møtet vert avslutta med “Vår far”. |